

SAK 2: ÅRSMELDING FRÅ  
STYRET I HORDALAND MÅLLAG  
MARS 2018 – MARS 2019

---

1 Årsmøtet til Hordaland Mållag 2018 vart halde på Stord Hotell 17.-18.mars. Fyrste punkt på  
2 programmet var utdeling av Målprisen 2018. Denne gongen ynskte styret å bruka prisen til å gje  
3 heider til Framtida.no, ei nynorsk avis for born og unge med hovudkontor på Stord. Redaktør Svein  
4 Olav Langåker kom til årsmøtet for å ta imot prisen, og Hordaland Mållag retta ein stor takk til han og  
5 redaksjonen for det viktige arbeidet dei gjer. Vidare denne årsmøtedagen heldt Svein Olav Langåker ei  
6 innleiing om stoda for digitale læremiddel på nynorsk, Nils Mæhle fortalde om historia til  
7 Målvinarlaget – det fyrste studentmållaget i Noreg, og Hege Myklebust presenterte eit  
8 forskingsprosjekt om haldningar til, og bruk av, nynorsk blant skuleelevar i den vidaregåande skulen.  
9 Til sist fekk Magne Aasbrenn, leiar i Noregs Mållag, ordet for å leggja fram styret i Noregs Mållag si  
10 innstilling til nytt arbeidsprogram for heile samskipnaden. Arbeidsprogrammet skulle vedtakast på  
11 landsmøtet 2018 og skal gjelda for dei neste fire åra.

12

13 Astrid Olsen gav seg som leiar av Hordaland Mållag etter mange års iherdig innsats. Ho vart heidra for  
14 dette arbeidet av årsmøtelyden. Ein annan trufast slitar som vart takka for lang og tru teneste var  
15 avtroppande leiar i skulemålsnemnda Oddvar Skre.

16

#### 17 TILLITSVALDE I HORDALAND MÅLLAG

18 **Etter valet på årsmøtet har styret sett slik ut:** Bjørg Eli Eide (leiar), Solveig Grønlien (nestleiar), Ingrid  
19 Hovstad (kasserar), Arild Reigstad (styremedlem) og Sagra Torsvik (styremedlem). Varalista har vore  
20 slik: 1. vara Astrid Olsen, 2. vara Kristin Hågøy, 3. vara: Marta Nagel Alne, 4. vara Øyvind Heitmann, og  
21 5. vara Lars M. Fjeldstad. **Mållovsansvarleg:** Erlend Bakke, **næringslivsansvarleg:** Øystein Skjæveland.  
22 **Valnemnd:** Håkon Remøy (leiar), Øystein Skjæveland og Johannes Sekse. Revisorar: Kåre Johan Mjør  
23 og Arne Apold.

24

25 **I skulemålsnemnda** har Erlend Bakke vore leiar, og Øyvind Heitmann, Ragnhild Kvifte, Oddvar Skre,  
26 Borghild Gramstad har vore dei andre medlemene. Mona Stormark og Aslaug Mork Topphol har vore  
27 varafolk.

28

29 I november 2018 valde Øyvind Heitmann å trekkja seg frå alle verv i Hordaland Mållag.

30

#### 31 AKTIVITET

32 **Den fyrste store hendinga etter årsmøtet var landsmøtet i Noregs Mållag i Vinje 12.-15. april.** HM  
33 hadde 10 utsendingar til landsmøtet. Hordalandsbenken var aktiv på landsmøtet og markerte sine  
34 synspunkt om mellom anna arbeidsprogrammet. Me la og fram forslag om å få fullfinansiert  
35 prosjektstillinga i Hordaland Mållag i neste periode, men diverre lukkast me ikkje å få fleirtal for dette  
36 på landsmøtet.

37

38 **Skulemålsarbeid har vore viktig og i denne perioden.** Skulemålsnemnda, under leiing av Erlend Bakke  
39 har vore aktive, godt hjelpen av prosjektmedarbeidar Live Havro Bjørnstad. Eigne rapportar frå  
40 skulemålsnemnda og frå prosjektmedarbeidaren er vedlagt årsmeldinga.

41

42 **Arbeidet med Bergenskonferansen for nynorsk i 2019** kom etter kvart i gang denne perioden, og  
43 Bergen kommune var positive til å vera medarrangør saman med Hordaland og Bergen Mållag. Det  
44 tok diverre noko tid å få med kommunen i arbeidet, men i løpet av hausten kom programnemnda  
45 (med to medlemmer frå kommunen og fire medlemmer frå mållaga) i sving, og Bergen kommune løyvde i  
46 oktober 2018 kr 60.000,- til konferansen. I byrjinga av februar var programmet ferdig og lagt ut til  
47 medlemmene for påmelding. Konferansen skal haldast på Hotel Terminus helga 6.-7. april 2019.

48

49 I samband med Bergenskonferansen for nynorsk 2019 og søknad om økonomisk stønad til  
50 prosjektstillinga, har representantar frå styret også vore på fleire møte på rådhuset i Bergen. Dette  
51 har vore møte med byrådsleiar sitt kontor og med byråd for kultur.

52

53 **10. november skipa Hordaland Mållag til seminar og haustfest,** ei tilskiping som var vellukka.  
54 Seminaret kom i stand etter initiativ frå Odda Mållag. Det viste seg at dette initiativet ikkje var drøfta  
55 med Bergen Mållag. Etter kvart tok styret i Hordaland Mållag i samarbeid med Bergen Mållag hand  
56 om både innhald og organisering av seminaret. "Nynorsk for framtida i Hordaland" var tema for  
57 seminaret. Leiar i Noregs Mållag, Magne Aasbrenn innleia seminaret med innlegg om strategiske  
58 prioriteringar for NM fram mot 2020. Deretter var det ordskifte. Derneft innleia leiar i  
59 skulemålsnemnda om temaet "Kva rolle har skulen i utviklinga av språkleg identitet". Presentasjon av  
60 satsingsarbeidet i skulemålsnemnda i fyrste klasse var neste punkt på programmet. Mona Stormark,  
61 leiar i Bergen Mållag og pedagogisk leiar i naturbarnehagen på Fløyen, heldt så innleiing om arbeid  
62 med nynorsk språkstimulering i barnehagen. Seminaret samla mange deltakarar frå fleire stader i  
63 fylket, og det var gode diskusjonar undervegs. Seminaret vart avslutta med haustfest som vart dyktig  
64 organisert av Marta Nagel Alne og Ingrid Hovstad. Diverre var det fleire som ikkje kunne kome på  
65 festen, men dei som var der let om at det var ein gild fest og såg gjerne at dette vert ei årvisst hending.

66

67 **Målgåveaksjonen til HM gjekk som vanleg i desember.** Målgåvene skulle i år som i fjor gå til  
68 finansiering av prosjektstillinga. For å spara pengar til utgifter til trykking og utsending, vart utsending  
69 av brev gjort på dugnad.

70

71 **Arbeidet med søknad om midlar til framhald av prosjektstillinga etter juli 2019** har vore ei prioritert  
72 oppgåve for styret, men arbeidet har gått noko smått. Astrid Olsen har gjort ein iherdig innsats, og  
73 arbeidet må halda fram. Det er søkt hjå ei rekkje organisasjonar og personar, og alle mållagsmedlemmer  
74 i Hordaland har fått invitasjonsbrev om å vera med på eit spleiselag med ei månadleg  
75 faktureringsløyving.

76

77 **Verving og oppattskipping av lag** har vore ei prioritert oppgåve i HM denne perioden. No er me 3074  
78 medlemmer, og me har 25 aktive lag. Styret i Hordaland Mållag vedtok at me skulle satsa på  
79 oppattskipping av **Fitjar Mållag**. Skipingsmøte vart halde 1. oktober, og det vart sett ned eit

80 interimstyre med Ingrid Hovstad i spissen. Ho kallar inn til årsmøte syter for formell skiping av laget.  
81 Det lukkast oss ikkje å skipa lag i Vaksdal slik me først hadde tenkt, då medlemmer der heller ville vera  
82 aktive i Arna Mållag. I staden vart det skipa nytt lag i Fjell, **Ågotnes Mållag**, med Astrid Olsen i spissen.  
83 Me ynskjer dei to laga hjarteleg velkomne i Hordaland Mållag.

84  
85 Alt i alt har det vore eit svært aktivt år for Hordaland Mållag. Me er ikkje nøgde med at nynorsken  
86 framleis tapar terreng i randsona, men me har ei meir offensiv haldning til dette no, både i ord og  
87 handling. Dette hadde ikkje vore mogleg utan prosjektmedarbeidaren vår, Live Havro Bjørnstad. I  
88 kommunane rundt Bergen har me også sett positive skulemålstal i denne perioden.

89  
90 Me bur i det største nynorskfylket i landet. Me er ein fjerdedel av heile mållaget. Me kan neppe  
91 overvurdera kor viktig det er med målarbeid i Hordaland. Takk til alle som gjer sitt for nynorsken i  
92 Hordaland!

93  
94 Vedlegg 1: Årsrapport frå skulemålsnemnda  
95 Vedlegg 2: Årsrapport frå mållovsansvarleg  
96 Vedlegg 3: Årsrapport frå prosjektmedarbeidar

Vedlegg 1:

ÅRSRAPPORT FRÅ  
SKULEMÅLSNEMNDA I HORDALAND MÅLLAG  
MARS 2018 – MARS 2019

---

97 I meldingsperioden har Erlend Bakke vore leiar i skulemålsnemnda i Hordaland Mållag, og dei andre  
98 medlemene har vore Oddvar Skre, Borghild Gramstad, Ragnhild Kvifte og Øyvind Heitmann. Mona  
99 Stormark og Aslaug Mork Topphol har vore varafolk. Leiar i Hordaland Mållag, Bjørg Eli Eide, har hatt  
100 møterett på alle nemndsmøta, og den tilsette i fylkeslaget, Live Havro Bjørnstad, har fungert som  
101 skrivar. Etter invitasjon møtte også leiar i Odda Mållag, Knut O. Dale, på møtet i mai for å gjera nemnda  
102 godt kjent med saka om språkdelt ungdomsskule som lokallaget hans har spelt inn til handsaming i  
103 Stortinget. I november valde Øyvind Heitmann å trekkja seg frå vervet sitt i skulemålsnemnda.

104  
105 Skulemålsnemnda har hatt sju møte i meldingsperioden. Leiar i nemnda har også delteke på fleire  
106 styremøte i Hordaland Mållag, og dei gongene leiar ikkje har hatt høve til å møta her har den tilsette i  
107 fylkeslaget rapportert frå skulemålsnemnda til styremøta. I tillegg tok nemnda del i å skipa  
108 haustseminar- og fest for mållaga i Hordaland i Kulturhuset Gimle 10 november.

109  
110 Årsmøtet i Hordaland Mållag vedtok i 2017 ein langtidsplan for skulemålsarbeidet i fylkeslaget, og  
111 nemnda har sidan dess hatt ansvar for å fylgja opp det som vart slått fast i denne. Planen går ut på å  
112 aktivisera lokallaga i Arna og i kommunane rundt Bergen, og å få hjelp av desse til å samarbeida med dei  
113 språkdelte skulane i området. Målsetnaden er å nå ut med informasjon til dei føresette til komande  
114 fyrsteklassingar om å velja nynorsk som hovudmål ved innskrivinga i skulen. Informasjonen har i  
115 hovudsak vore distribuert gjennom ei brosjyre som skulane har sendt ut saman med sine  
116 innskrivingspapir og via samtalar med føresette på felles samlingar ved skulane. På dei fleste av  
117 samarbeidsskulane har brosjyren også vorten delt ut på førskuledagen skulane skipar til i mai eller juni.  
118 Innsatsen i nemnda har stort sett vore retta mot dei språkdelte skulane i Arna bydel og i kommunane  
119 Fjell, Askøy, Meland og Lindås og Os.

120  
121 Det konkrete arbeidet nemnda har drive i samband med dette har vore å gjera nye avtalar, eller minna  
122 om gamle, senda ut informasjon til skular eller lokallag, og å stilla på informasjonsmøte på skulane.  
123 Responsen har også i denne perioden stort sett vore positiv, og ein har fått gjennomført heile eller delar  
124 av planen ved alle skulane. I Lindås og Meland har ein møtt noko motstand i byråkratiet, og brosjyren  
125 har såleis berre vore tilgjengeleg på informasjonsmøte og ikkje delt ut aktivt. Dei rapporterte tala på  
126 nynorskelevar i fyrste klasse på samarbeidsskulane, tyder så langt på at tiltaka kan ha gjeve gode  
127 resultat.

128  
129 Vidare har nemnda også vore i dialog med Noregs Mållag om å skipa til nynorsk kurs for føresette.  
130 Landsmøtet har bestemt at Noregs Mållag skal utvikla materiell til slike kurs, men dette kjem ikkje til å

131 vera klart før i løpet av 2019. Nemnda har difor valt å avventa med å gå vidare med slikt arbeid til  
132 kursmateriellet er på plass.

133  
134 Fylkestinget i Hordaland handsama i juni denne perioden ei prinsippsak om språkbruk i fylkeskommunen  
135 der det vart gjort ei rekkje positive vedtak for nynorsken. Mellom anna vart det bestemt at det  
136 fylkeskommunale transportselskapet Skyss skal nytta nynorsk i Bergen på same måte som elles i fylket,  
137 at alle fylkeskommunale vidaregåande skular skal administrerast og marknadsføra seg på nynorsk og at  
138 alle tekstar som fylkeskommunen betalar eksterne tekstprodusentar for, også bør leverast på nynorsk. I  
139 forkant av dette var skulemålsnemnda, saman med styret i Hordaland Mållag, i dialog med alle dei  
140 politiske partigruppene i fylkestinget og gav råd i prosessen med å utarbeida framlegg til dei vedtaka ein  
141 til slutt enda opp med. I tida etter har nemnda også fylgd med på korleis vedtaka frå fylkestinget har  
142 vorte praktiserte i fylkeskommunen, og har vore i kontakt med administrasjonen her om dette. Fredag  
143 15. februar sende nemnda mellom anna eit brev til opplæringsavdelinga i Hordaland fylkeskommune og  
144 stilte spørsmål om praksis knytt til vedtaka, og bad om innsyn i saksgang og kommunikasjon i høve  
145 desse.

146  
147 I løpet av perioden har nemnda også hatt lesarinnlegg på trykk både i Bergens Tidende og i lokalaviser i  
148 området rundt Bergen. 30. november trykte Strilen innlegget "Nynorsk er lurt for 1.-klassingen", og den  
149 same teksten var sidan på trykk også i Åsane Tidende 19. desember. 12. desember var lesarbrevet å  
150 finna i Askøyværinga under overskrifta "- Det er lurt å velja nynorsk som hovudmål". Over nyttår  
151 utfordra nemnda skulebyråd i Bergen Roger Valhammer med ei rekkje framlegg i innlegget "Så mykje er  
152 nynorsk i skulen verdt", som ein kunne lesa i BT 20. januar. Her oppmoda nemnda byråden om å arbeida  
153 tverrpolitisk for å få til fylgjande tiltak for nynorsken i Bergen: 1. Byggja opp dei nynorskskulane som  
154 finst i kommunen, og ikkje leggja dei ikkje ned. 2. Peika ut visse bokmålsskular sentralt i Bergen der  
155 foreldre år etter år er sikra å få nynorskklasse for borna sine. 3. Be skuleleiarane sine på alle nivå om å  
156 gjera det mykje enklare for føresette å velja nynorsk ved innskrivinga.

157  
158 14. februar var prosjektmedarbeidaren i Hordaland Mållag, saman med Arild Reigstad frå styret, på eit  
159 møte med byråd Valhammer, og også her vart det sett fokus mellom anna på spørsmåla frå  
160 lesarinnlegget.

161  
162 I januar vart det kjent at Utdanningsdirektoratet gav løyve til å oppretta Montessoriskule på Haugland i  
163 Arna bydel. Her la Bergen kommune ned ein kommunal nynorsk barneskule frå hausten 2018, og  
164 elevgruppa har sidan då vorte sendt til Ytre Arna skule. Det vert jobba med å oppretta den  
165 Montessoriskulen frå hausten 2019, og skulemålsnemnda har teke kontakt med dei som arbeider med  
166 dette for å høyra korleis dei stiller seg til språkspørsmålet, og har også tilbode seg å kunna hjelpa med  
167 saker som har med dette å gjera. Brev med overskrifta "Nynorsk på Haugland Montessoriskule" vart  
168 sendt tysdag 18. februar.

Vedlegg 2:

ÅRSMELDING  
FRÅ MÅLLOVSANSVARLEG I HORDALAND MÅLLAG  
MARS 2018 – MARS 2019

---

169 Årsmøtet 2018 i Hordaland Mållag (HM) valde Erlend Bakke til å vera ansvarleg for mållovsaker i  
170 fylkeslaget. Han heldt difor fram arbeidet i det vervet, som lovene for HM ikkje nemner. Årsmøtelyden  
171 er såleis ikkje plikta til å velja ansvarleg for mållovsaker.

172  
173 I samsvar med tidlegare styrevedtak har den ansvarlege for mållovarbeidet rett til å møta på styremøte i  
174 HM. Bakke møtte på nokre styremøte i HM i 2018.

175  
176 **KLAGE PÅ BROTT PÅ MÅLLOVA**

177 Oppgåva for den mållovsvarlege i HM er fyrst og fremst å senda brev til statlege organ i saker som  
178 gjeld (mogelege brott på) lov om målbruk i offentleg teneste (mållova). I 2018 sende den  
179 mållovsvarlege brev til om lag 20 slike statlege organ, for det aller meste regionale statsorgan kring  
180 Bergen, som har nynorsk som tenestemål etter føresegner i mållova. Prosjektmedarbeidar Live Havro  
181 Bjørnstad i HM har arkivert elektronisk all korrespondanse som gjeld desse sakene.

182  
183 I dei fleste tilfella er breva òg stila til Språkrådet; det organet i staten som fører tilsyn med målbruken i  
184 statstenesta og som gjev målbruksråd til andre offentlege (kommunale og fylkeskommunale) organ. Dei  
185 fleste sakene gjeld regionale statsorgan som har skrive på bokmål i samanhengar der dei skulle ha skrive  
186 på nynorsk. Språkrådet stadfester i svarbrev sine til HM og til dei innklaga statsorgan at målbruken det  
187 handlar om, så nær som alltid inneber brott på mållova.

188  
189 **MÅLBRUK I HORDALAND FYLKESKOMMUNE**

190 Hordaland fylkesting vedtok på møtet sitt 12. og 13. juni 2018 stramare retningslinjer for målbruken i  
191 fylkeskommunen, før samanslåinga med Sogn og Fjordane til Vestland fylke i 2020. Det gjeld sak PS  
192 51/2018 frå møtet. Fylkestinget vedtok desse formuleringane:

193  
194 Fylkestinget stadfestar at nynorsk er administrasjonsmålet i Hordaland fylkeskommune slik det er  
195 innarbeidd i reglement og retningslinjer. Fylkestinget ber om at målvedtak og språk meir generelt i den  
196 nye fylkeskommunen vert teke opp i samanslåingsprosessen som er i gang. Fylkestinget oppmodar den  
197 nye fylkeskommunen om å gjera vedtak om målform så snart som råd er etter samanslåinga 1.1.2020.  
198 Fylkestinget vedtek at Skyss brukar nynorsk i Bergen på same måten som elles i fylket. Dette fordi  
199 rutetilbodet i Bergen òg er til for kollektivreisande i Hordaland og administrasjonsspråket er nynorsk.  
200 Fylkestinget vedtek at alle dei fylkeskommunale vidaregåande skulane primært administrerer og  
201 marknadsfører seg på nynorsk. Fylkestinget vedtek at alle tekstar som fylkeskommunen betalar  
202 eksterne tekstprodusentar for, og som skal brukast i samanhengar der fylkeskommunale institusjonar  
203 brukar nynorsk, bør leverast på nynorsk av desse eksterne tekstprodusentane.  
204 Desse vedtaka vedkjem arbeidet i mållovutvalet. Dei bør fylgjast opp av HM i 2019.

ÅRSRAPPORT  
FOR PROSJEKTSTILLING I HORDALAND MÅLLAG  
MARS 2018 – MARS 2019

---

205 Som i dei to føregående periodane, har Live Havro Bjørnstad i meldingsperioden vore tilsett som  
206 prosjektmedarbeidar i Hordaland Mållag. Det har vore prosjektmedarbeidaren sitt ansvar å styra den  
207 daglege drifta av aktiviteten i fylkeslaget, samt å fylgja med på at denne vert gjort i samsvar med dei  
208 målsetnadene årsmøtet vedtok i mars 2018. Rutinane knytt til arbeidsfordeling i laget har vorte betre  
209 innkøyrde, og samarbeidet mellom styret og prosjektmedarbeidaren har stadig gått smidigare.  
210

211 Oppfylgning av sentrale fylkeslagsprosjekt står framleis sentralt i stillinga. Mellom anna har  
212 satsingsarbeidet mot komande fyrsteklasseheimar i språkdelt område også i denne perioden vore  
213 ein viktig del av arbeidet. Prosjektmedarbeidaren har halde fram med å vera eit bindeledd i  
214 kommunikasjonen mellom medlemene i skulemålsnemnda, lokallaga og dei ulike skulane ein har  
215 samarbeidd med, og har i tillegg hatt det overordna oversynet over kva arbeid som til ei kvar tid har  
216 skulla fylgjast opp. Vidare har det vore ei prioritert oppgåve for den tilsette å møte på foreldremøte ved  
217 fleire av samarbeidsskulane og snakka med komande fyrsteklasseforeldre om tema knytt til skulemål.  
218 Både dette og dei andre aktivitetane under prosjektet har ein fått positive tilbakemeldingar på, og ein  
219 har også sett ein positiv trend i tal på nynorskelevar i fleire av områda nemnda har hatt som satsingsfelt.

220 Kort samanfatta har arbeidsoppgåvene med fyrsteklassesatsinga vore knytt til koordinering og  
221 oppfylgning av arbeidet i prosjektgruppa, møte- og rapporteringsarbeid, tekstarbeid til  
222 informasjonsbrosjyre, dagleg kontakt med rektorar og kommuneadministrasjon, politisk arbeid mot  
223 kommuneleiing samt trykk og distribusjon av materiell.  
224

225 Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune har gjort gode vedtak for å styrkja nynorsken i  
226 Hordaland i denne perioden og året før. Prosjektmedarbeidaren har vore med i Hordaland Mållag sitt  
227 arbeid opp mot, og i etterkant, av desse. Det har både har vore viktig å syta for at ein enda opp med  
228 best mogelege vedtak for nynorsken og å fylgja desse opp i ettertid, for å sjå til at den politikken som er  
229 vedteke også har konsekvensar for arbeidet som vert gjort på kommunalt og fylkeskommunalt plan.  
230 Kontakt og møteaktivitet med politikarar og fagavdelingar har difor halde fram, og Hordaland Mållag og  
231 prosjektmedarbeidaren har såleis fått større kontaktflate og innverknad i desse institusjonane.  
232

233 Av annan møteverksemd har prosjektmedarbeidaren delteke på ei rekkje møte med Bergen kommune.  
234 Her har ein mellom anna snakka om å få til ei politisk løyving av pengar til Hordaland Mållag, i tillegg til  
235 at ein har invitert kommunen til å vera med å skipa til Bergenskonferansen for nynorsk 2019. Både  
236 løyvinga og medtilskiparansvaret tok kommunen etter kvart på seg, og i løpet av hausten var  
237 prosjektarbeidaren med i programnemnda til konferansen saman med tre andre representantar frå  
238 Bergen og Hordaland Mållag samt to representantar frå kommunen.  
239

240 Elles inneheld den daglege verksemda til prosjektmedarbeidaren som nemnt ei rekkje praktiske  
241 oppgåver knytt til organisasjonsdrifta. Dette inkluderer mellom anna oppdatering av elektroniske og

242 fysiske arkiv, kommunikasjonsarbeid for styret, mot medlemmer, politikarar, byråkratar og andre eksterne  
243 samarbeidspartnarar, assistanse for lokallag, samt organisering, planlegging og gjennomføring av  
244 møteverksemd og andre tilskipingar.

245

246 Av sistnemnde type tilskipingar som prosjektmedarbeidaren har delteke på og vore med på å  
247 organisera, kan ein mellom anna nemna Årsmøtet i Hordaland Mållag 2018 og eit seminar Hordaland  
248 Mållag skipa saman med Bergen Mållag, Odda Mållag og Noregs Mållag hausten 2018. I tillegg har den  
249 tilsette vore med som møteskrivar og innleiar på skipingsmøte for Fitjar Mållag og Ågotnes Mållag.

250

251 Ved fleire høve denne perioden har Noregs Mållag fått frikjøpa prosjektmedarbeidaren i Hordaland  
252 Mållag til oppgåver for sentralleddet i organisasjonen. Dette vart mellom anna gjort i samband med  
253 organisering av landsmøtet i Noregs Mållag våren 2018 og planlegging og avvikling av Nynorskstafetten  
254 2018. Sjølv om desse oppdraga ikkje var løna av Hordaland Mållag, har dette vore arbeidsoppgåver som  
255 har vore med på å gje den tilsette meir kunnskap og erfaring, som også har kome Hordaland Mållag til  
256 gode.